

ÅRSMELDING, FOTBALLGRUPPA 2018

KVITSEID IDRETTLAG



Bilde frå fotballavslutninga til jenter 14 år (Kamp mot foreldra og dømning av Kjartan Lid)

Fotballgruppa består av:

Kristi Marie Tveit

Halvor Nyland

Elin Lid

Arne Aamot

Gunn Ragnhild M. Andersen

Håkon Haugo

Gunnhild Moen

I sesongen 2018 spela nesten 90 born fotball i Kviteseid, fordelt på 9 lag. Kviteseid har A-lag i 7. divisjon, og dei enda på ein god 3. plass i 2018-sesongen. Når det gjeld kvinnefotballen, har Kviteseid/Seljord halde fram med eit samarbeidslag, som kom på 2. plass i si gruppe.



Damelaget Seljord/Kviteseid



A-laget.

I år, som tidlegare, har både foreldre og eksterne stilt opp som trenarar, og foreldre har stilt opp som solide lagleiarar. Sesongen starta med inne treningar i Kviteseidhallen, før laga kunne bevege seg ut på banane når snoen til slutt forsvann.



Gutar 10 år saman med trenar Ståle Lindheim

I sommar reiste to lag inn til Oslo på Norway Cup – j14, g14.



Dei vaksne trivast også veldig godt på Norway Cup.

J14 og G14 reiste innover på Norway Cup fyrste veka i august. Begge laga tapa dei innleiande kampane og kom difor til B-sluttspel. Gutane tapa fyrste kamp i sluttspelet, mens jentene tok sin fyrste siger på to år (3-1) og gjekk vidare til 8.delsfinalen. Det var stor glede i leiren både blant spelarar, trenar, foreldre og andre vener som hadde kome for å heie på laget. Begge laga blei sponsa med pizza på Peppes av KIL.

Jenter 14 år var i Frognerbadet og det blei også tid til ein ettermiddag med shopping på Karl Johan. Det var ein fantastisk gjeng å reise på tur med. Vaksne som var med på J14: Trude Lindestad, Bente Aamot og Elin Lid (trenar).

I tillegg har styret i fotballgruppa jobba med fylgjande saker fordelt på 7 møte i 2018:

- Informasjonsmøte med lagleiarar og trenarar.
- Klubbdommarkurs på Kviteseid skule.



Deltakerar på klubbdommarkuset 26.04.2018

- Sponsoravtaler med næringslivet på kunstgrasbanen.
- Politattestar på medlemar i fotballgruppa og alle lagleiarar og trenarar
- Fotballbanar: Klipping, vedlikehald av utstyr og merking.
- Årleg dugnad på våren: Banane og området rundt klubbhuset.
- Klubbavtaler.
- Treningsavgifter/ dugnader. Dugnadsarbeidet har mellom anna vore på Dyrsku`n og vaffelvakter i Kviteseidhallen.
- Organisert treningstider inne og ute.
- Drakter og utstyr til laga.

- Delt ut fotballar til dei som skal byrje i fyrste klasse.



1. klasse i Brunkeberg



1. klasse i Kviteseid

- Laga har deltatt på ulike cupar i Vest- Telemark.



Gutar og Jenter 8 år.

- Kviteseid er med i Vest-Telemark Fotball. Spelarane har fått delta på samlingar og cupar.
- Nye moglegheiter for å skaffe treningsdressar/ overtrekksdressar for alle laga.



Overtrekkdress KIL

- Støtte til kvart enkelt lag til fotballavslutting.
- Ståle Lindheim har i saman med klubben på begynt trenar koordinator utdanninga i regi av Telemark Fotballkrets. Ståle vil vera den i klubben som skal bidra til kompetane heving på trenerar i klubben.
- Evaluerings møte etter sesongen med lagleierar og trenerar
- Nytt av året er at Kjartan Lid har vore rekruttdommar og i 2019 rykker han opp til å bli kretsdommar. Det er mange år sidan klubben har kvalifisert dommar i eigen klubb.



Kjartan Lid dømmer kamp Åmdal Tokke

- Arrangert cup kveld for 8 og 10 åringar i regi av Prosjekt Vest-Telemark (nå nytt namn Vest- Telemark Fotball).

- Gutar 10 år vore på tur til Skien og spela vennskapskamp mot G9 i Odd.
- Jenter 16 år på Cup i Langesund november 2018.



Bilde frå gutar 10 års Odd tur.



Bilde frå jenter 16 år Langesund Cup.

Fotballgruppa i Kviteseid Idrettslag